

Reguleringsføresegner for Nystog steinbrot,del av gnr.18 bnr.1, Vinje

§1 Området regulerast til:
-spesialområde
-steinbrot /massetak
-privat veg
-klimavermsone

§ 2 Føresegnene gjeld for det området som er visa med reguleringsgrense på kartet.

§ 3 Spesialområde:
Uttak av steinmasse.

a) Det skal utformast ein driftsplan, med kartdel i mål 1:1000.

Det skal ligge føre ein driftsplan før uttak blir sett i gang, seinast 1 år etter vedteken reguleringsplan

Driftsplanen skal godkjennast av kommunen / Bergvesenet og utarbeidast etter dei krav som Bergvesenet stiller til slike planar og etter dei krav ein set med omsyn til drift i reuleringsplanar for massetak. Kommunen / Bergvesenet kontrollerer at drifta skjer i samsvar med godkjend driftsplan.

Driftsplanen skal ajourførast kvart 5. år, eller etter nærare avtale.

b) Drift av anlegget måndag til fredag frå kl. 07.00 til kl 17.00. Laurdag frå kl 07.00 til kl.13.00 kan ein tillate salg og uttransport frå anlegget. Sprengning tillatast måndag til fredag frå kl 07.00 til kl. 17.00. Det skal ikkje vera aktivitet i anlegget på høgtids- og helgedagar.

c) Avrenning av overflatevatn skal sikkrast med oppsamling og sedimentering og med kontrollert utslepp frå området.

d) Uttaket skal skje i palletrinn, høgd ca. 12 m. Botn uttak ned til kote 400 sør i feltet og til kote 405 nord i feltet. Område som er ferdig utteke og som ikkje lenger vert bruka i drifta, skal setjast i stand og få vegetasjon. Drifta skal skje på ein slik måte at ressursane blir utnytta best mogleg.

e) Støy til omgjevnaden skal ikkje vera over 50 dBA .

f) Om massa skal brukast i samband med hus skal verdien av radium-226 ikkje vera over 300 Bp/kg.

§ 4 Område for jord og skogbruk. Ein kan utførast tradisjonell landbruk i området.

§5 Klimavermsone Her skal skog skjøttast på ein måte slik at den skjermende sona vert oppretthalden.

§6 Område for bevaring. Inneheld automatisk freda kulturminne (kolgroper). Desse og eit område utanfor desse må ikkje skadast.

Ein kan drive landbruk i området, men då utan å skade kulturminna.

Om ein kjem over andre kulturminne i området må kulturvermyndighetane straks varslast.

§7 Fellesføresegner:

Området må sikkrast med bom, skilt, evt. gjerde og nødvendige tiltak settast i verk for å unngå skade på, person, eigedom og trafikk.

§8 Området for massetak skal veg ferdigstilling gå over til landbruksføresmål. Område for skjermingssone skal når skal , når driftsområdet er ferdig utteke og drifta avslutta, gå over til landbruksføresmål.

Vinje Kommune
Vinje
REGULERINGSPLANEN 2005
VEDTEKEN
Dato 03.05.07
K-tek 07/36